



- eit fyrtårn i vest

God sommar!

Informasjon frå Øygarden kommune



Vil du bli valmedarbeidar?

Vi treng fleire samfunnsengasjerte personar i Øygarden kommune til å delta i valgjennomføringa på valldagen 13. september.



Sommarturar med guide

Frå 22. juni til 14. august kan du bestilla turar med guide saman med Museum Vest.

Spørjeundersøking

Vi kartlegg om eldre heimebuande ønskjer å få levert varm mat heim og om dei ønskjer å delta i felles middagssamling.



Sommaraktivitetar for barn og unge i Øygarden

Dette er eit tilbod for elevar på 1.-10. trinn. Det vert ulike aktivitetstilbod i heile skuleferien frå veke 25 til 32.





Foto: Vigleik Brekke

Takk til alle tilsette og innbyggjarar!

Sjølv om det er mange utfordringer når det gjeld den pågåande pandemien, kan vi slå fast at vi sakte men sikkert går mot meir normale dagar. Vi vil difor nytta høvet til å takka alle tilsette og innbyggjarane som har bidrege til at vi så langt har kome gjennom denne perioden på ein god måte.

Det er mykje å gle seg over i tida som kjem. Utviklinga av den nye kommunen er i full gang, og det er mange spennande prosjekt som vert realiserte i kommunen. Vi kan nemna CO₂-lagringsanlegget i Energiparken, ny godshamn på Ågotnes og Sotrasambandet.

Vi ønskjer deg og dine ein flott sommar. Hugs å ta vare på kvarandre!

Ordførar Tom Georg Indrevik og konstituert kommunedirektør Rune Landro




Foto: Kjell Andersland

Sommar i Øygarden - aktivitetar for barn og unge

Dette er eit gratis tilbod for elevar på 1.-10. trinn i Øygarden kommune. Det vert ulike aktivitetstilbod heile skuleferien frå veke 25 til 32. Nokre av opplegga varer ei heil veke, andre varer berre ein dag. Det er stor bredde i aktivitetane, og vi håpar at alle finn noko dei likar.

Her er noko av det du kan vera med på: friluftsveke, teaterskule, leir med overnatting, videopodcast, dansekurs, gaming, forskarskule med VilVite, symjing, kunstskule, sommarmusikalveke, rulleskøytekurs, Sprek og blid sommarcamp, rideleir, museumsbesøk, klatring, havkajakk, matlagingskurs, coasteering - og endå meir!

Program og informasjon om påmelding finn du på nettsida vår:
ØYGARDEN.KOMMUNE.NO/SOMMAR

Takk for all hjelp under brannen!

Ordførar Tom Georg Indrevik rettar ein stor takk til alle som har delteke i hjelpearbeidet under den dramatiske brannen tidleg i juni.

- Det er gjort ein fantastisk innsats av brannvesenet, politiet og helse. Eg takkar også Sivilforsvaret, Røde Kors og andre aktørar for ein eineståande innsats i hjelpearbeidet. Vi er også glade for at Fjell-ly stilte lokale til disposisjon for dei evakuerte, seier ordføraren.

Registrer deg for vaksine



Foto: Heidi Reisegg Endal

Vaksinasjon

Vaksinasjonen vert gjennomført i Sotra Arena. Frå veke 24 startar vi vaksinasjon av gruppe 8, som er personar frå 55 til 64 år utan underliggjande sjukdomar. Vi forventar å starta vaksinasjon av gruppe 9 og 10 i løpet av juli. Gruppe 9 er personar i alderen 45-54 år, medan gruppe 10 er personar i alderen 18 til 24 år og 40 til 44 år. Vaksinasjon av gruppe 11, som er personar i alderen 25 til 39 år, vil venteleg få tilbod om vaksinasjon i løpet av august.

Vi minner om at dei som ønskjer vaksine, må registrera seg i vaksinekø. Alle som har registrert seg, vil få tilbod om time ein og time to for vaksinasjon når deira gruppe står for tur. For å få ein mest mogleg effektiv vaksinasjon, er det svært viktig at ein møter opp til tildelte timer (dose 1 og dose 2).

Dersom nokon meiner at dei skulle ha fått tilbod om vaksine, men ikkje har fått det, ring koronatelefonen 56 16 00 10.

Du finn meir informasjon her: OYGARDEN.KOMMUNE.NO/VAKSINE
Informasjon om koronasertifikat finn du her: helsenorge.no/koronasertifikat.



Berit Anita Knudtsen Larsen | Foto: Vigleik Brekke

Ønskjer du varm mat på døra?

Øygarden kommune kartlegg om eldre heimebuande ønskjer å få levert varm mat heim og om dei ønskjer å delta i felles middagssamling.

I spørjeundersøkinga, som er anonym, vert det stilt spørsmål om kva tidspunkt dei eldre kan tenkja seg levert varm middag og kva dagar i veka dei ønskjer å få levert maten.

Dersom det viser seg å vera eit behov, vert det etablert eit tilbod om å få levert varm mat på døra og eventuelt felles middagssamling. Innbyggjartorga kan gje hjelp til å svara på spørsmåla. Undersøkinga finn du her: OYGARDEN.KOMMUNE.NO/MAT

Kystpasset

Bli kjend med den flotte naturen i Øygarden kommune. Kystpasset gjev deg turar frå Hellesøy i nord til Lerøy heilt sør i kommunen.

Du kan henta Kystpasset i daglegvarebutikkar, på bensinstasjonar og innbyggjartorg/bibliotek i kommunen.

Du kan også lasta ned Kystpasset og sjekka deg inn på turmåla via UT appen.



Kurs i regi av Rask Psykisk Helsehjelp

Til hausten vert det mellom anna kurs i Meistring, depresjon, stress og belastning. Det vert også «Friskt pust» – føredrag med fokus på sjølvmedkjensle/eigenomsorg kombinert med organisert trening på treningssenter.

Det vert vidare kurs i meistring av vedvarande søvnvanskar og drop-inn kurs i meistring av panikkangst.

Det vert også tilbod om traumebehandling på nett i oktober.



Kva har skjedd i Øygarden 1. halvår 2021?

- **12. januar:** Første salve for Northern Lights-anlegget i Øygarden.
- **26. mars:** Opna dagsturhytta Larslibua
- **April:** I april delte ordførar Tom Georg Indrevik ut berekraftsball til alle skulane i kommunen.
- **29. april:** Markering ved minnesteinen ved Turøyna etter den tragiske helikopterulukka 29. april 2016.
- **17. mai:** Også dette året vart det gjennomført fire bilkortesjar i Øygarden på nasjonaldagen.
- **26. mai:** Statsminister Erna Solberg legg ned grunnsteinen for administrasjonsbygget for karbonfangsanlegget i Energiparken.
- **3. og 4. juni:** Stor lyngbrann i Fjæreide/Kårtveit-området.



Foto: Mauricio Pavez, HVL



Foto: Silje Katrine Robinson



Foto: Marianne Lingren

Sommarturar med guide

Frå 22. juni til 14. august 2021 kan du bli med på desse turane:

- Russarstegen opp til Fjell festning kvar laurdag frå Gjerdet kulturminnegard.
- Familietur til Selstøbuene kvar torsdag frå Nordsjøfartsmuseet i Telavåg.
- 12 000 år på 90 minutt kvar tysdag og torsdag frå Kystmuseet.

Hugs å meld deg på turane på **MUSEUMVEST.NO**

Dagsturhytta Larslibua

Velkomen til dagsturhytta Larslibua. Hytta ligg ved Larsslivatnet langs Kyrkjevegen på Foldnes, Straume. Parkering ved Foldnes kyrkje. Det tek 10-15 minutt å gå frå parkeringsplassen til dagsturhytta.

Hyttereglar:

- Ver gild å ta av skoa før du går inn og bruk skohyllene på utsida.
- Hytta skal ikkje overnattast i.
- Ikkje tråkk på solcellepanelet.
- Vedomnen kan nyttast av alle som vil.
- Hald hunden din ute for dei med allergi.
- Ta med deg bosset ditt heim eller kast det i nærmeste bossdunk.

Forlat hytta like fin eller i betre stand enn då du kom, slik at nestemann får ei like flott oppleveling av hytta.



Bli kjend med AktivVest

Treng du å tinga tid for trening/øving i lokale, finna lag og organisasjonar, tinga møterom/lokale/uteanlegg/symjebasseng og finna oversikt over arrangement? Gå inn på nettsida **AKTIVVEST.NO**



Foto: Monica Hovland

FRISKLIV OG meistring



Friskliv og meistring tilbyr fleire kurs- og treningstilbod til deg som ønskjer å endra vanar, betre helsa, ha ein betre kvardag med sjukdom eller helseutfordringar, eller som ønskjer å slutta å røykja eller snusa.

Kurstilbod: Bra mat, Leva godt med KOLS, meistringskurs: Livet i bevegelse, Livsstilskurs, Tobakksfri og familiekurs: Vanar for livet.

Treningstilbod: Spinning og styrketrening i sal, Gågruppe, Styrke intro, Livsstil kondisjon, Livsstil styrke og Yogakurs.

Sosiale medium: Følg Friskliv og meistring på Facebook og Instagram for inspirasjon og idear for gode kvardagar.

På nettsida til kommunen finn du meir informasjon om kursa/treningstilboda, kurskalender, pris, påmelding/frisklivsresept m.m.



Nordlavatnet (Toftøy) | Foto: Ingunn Teigen

Trygge badeplassar

Det er gjennomført prøvar av ni badestader i Øygarden denne våren. Jamt over er badekvaliteten god.

Oversikt over testa badestadar:

- Blomvatnet
- Nordlavatnet
- Fuglavatnet
- Kvernvatnet
- Ulvesetvatnet
- Setravika
- Skiftedalsvatnet
- Skogavatnet
- Arefjordvatnet

På nettsida til kommunen kan du lesa meir.



Blomværet (Blomvåg) | Foto: Ingunn Teigen



Bygdebøker frå Fjell og Sund

Til sals hjå bokhandlarar
og innbyggjartorga!



Nokre av vedtaka i kommunestyret 1. halvår 2021

- Øygarden kommune skal busetja 28 flyktningar i 2021.
- Klarsignal for start av anleggsprosjekt ved Arseta på Rongøyna og infrastruktur ved Blomvåg vest.
- Øygarden skal utgreia om det skal opprettast felles barneverns-vakt med Askøy kommune.
- Øygarden kommune kjøper areal ved teknisk servicebygg i Skogsvåg.
- Det vert sett av 2,5 millionar kroner til moglegheitsstudie for ny skule på vestsida.
- Godkjenner plan for Blomvåg vest (grav- og urnelund, infrastruktur).
- Godkjenner utbygging av Liljevatnet, fase to.
- Kommunestyret er positiv til planane for ei storstove for større arrangement på Bildøyna.
- Kommunen skal arbeida vidare med moglegheitsstudie for framtidig rådhus/ kulturhus ved Stovevatnet på Straume i tilknyting til ny vidaregåande skule.
- Kommunestyret tok den 20. mai til etterretning at Rune Lid fråtrer stillinga som kommunedirektør. Rune Landro gjekk inn som konstituert kommunedirektør frå same dag.
- Den 20. mai fekk ordførar Tom Georg Indrevik overrekt dokumentet «Gjennomføringsplan for framtidige heles- og velferdstenester 2021» frå ei arbeidsgruppe. Foto oppe til venstre.
- Det siste møtet i kommunestyret (17. juni) vert halde etter at brosjyren går i trykken.

Gratis datakurs for seniorar med ingen eller lite datakunnskap

På kurset vil du læra og bruka nyttige digitale offentlege tenester, videomøte og å tinga heimlevering av mat og andre varer.

Kursa vert gjennomførte på innbyggjartorg/bibliotek på Rong, Straume og i Skogsskiftet.

Kursa varer frå kl. 10.00 til 15.00.

På nettsida til Øygarden kommune finn du meir informasjon, oversikt over datoar og korleis du melder deg på kurset.

Arrangør: TREFF+.



Foto: Harddisk

Nett-TV: Møta i formannskapet, kommunestyret, dei tre utvala og kontrollutvalet vert strøyma og lagt ut på kommune-TV på nettsida til kommunen.



Foto: Geir Jensen

Til hausten kjem framlegg til samfunnsdelen til kommuneplanen

Gjennom våren har fleire engasjert seg i arbeidet med ny samfunnsdel til kommuneplanen. Dette handlar om korleis vi saman kan få til ei berekraftig utvikling framover. Ordføraren har levert ut berekraftsball til alle barne- og ungdomsskular i kommunen og oppmoda barn og unge til å delta i arbeidet.

I oktober kjem forslaget til samfunnsdelen. Då får du høve til å seia meininga di om planen. Følg med på nettsida til kommunen for meir informasjon, og for å lesa meir om prosessen.
OYGARDEN.KOMMUNE.NO/SAMFUNNSDELEN



Vil du vera valmedarbeidar på valldagen?

Vi treng fleire samfunnsengasjerte personar i Øygarden kommune til å delta i valgjennomføringa på valldagen (måndag 13. september) for Stortings- og sametingsvalet 2021.

På nettsida til kommunen finn du informasjon om kven vi ser etter, arbeidsoppgåver, vallokale, opplæring, organisering, betaling og elektronisk søknadsskjema. OYGARDEN.KOMMUNE.NO/VALMEDARBEIDAR



frivillig.no

Målet med denne nettsida er at folk, mellom anna i Øygarden, skal finna frivillige oppdrag og at frivillige organisasjonar skal finna folk som ønskjer å engasjera seg i frivillig arbeid. Systemet er gratis for frivillige lag og organisasjonar. Kontakt Øygarden frivilligsentral for meir informasjon.

Ut på tur med Opplev Øygarden

I Øygarden er det lagt opp til ein 50-tals turar der du kan oppleva rike kulturminnemiljø og få innsikt i korleis folk i Øygarden budde og levde heilt i frå steinalderen til nyare tids kulturminne. Natur og kultur gjev vandringa meirverdi. Les meir på nettsida til kommunen:

OYGARDEN.KOMMUNE.NO/OPPLEVOYGARDEN



Foto: Kyrre Flotve



Foto: Heidi Reisegg Endal



Foto: Monica Hovland

Har du stoff til bygdebøkene for gamle Øygarden?

Arbeidet med bygdebøker for gamle Øygarden kommune er godt i gang. Forfattarane arbeider med både allmennhistorie og gards- og slektshistorie.

I alt er det planlagt seks bøker, og den første kjem neste år. Det er gards- og slektshistorie for den nordre delen (gamle Hjelme kommune).

Vi treng både meir slektsinformasjon, forteljingar, historier og livsskildringar som kan gje lesarane større kunnskap om folket i Øygarden i ulike tider. Vi treng i tillegg fleire gamle fotografier som kan brukast som illustrasjonar i bøkene.

Ta gjerne kontakt med:

- **Kjell Alvheim** (når det gjeld slekts- og familieinformasjon)
E-post: kjell.alvheim@gmail.com
Telefon: 951 01 680)
- **Magne Blom** (når det gjeld foto)
E-post:magne.blom@gmail.com
Telefon: 952 22 801)



Matpause i torvonna på Tjeldsto 1941
Foto: Gerhard Garatun-Tjeldsto, eigar UiB



Gamle Hjelme kyrkje vart bygd i 1875
Foto: Nasjonalbiblioteket



Hennar
Foto: Olai Schumann Olsen

Opningstider bibliotek/ innbyggartorg:

- **Skogsskiftet og Rong:** stengt frå 1. juli t.o.m. 31. juli.
- **Skogsskiftet/Rong:** Meiopent bibliotek kvar dag frå kl. 08.00 til 22.00 (for innbyggjarar som har registrert seg og fått tilgang).
- **Straume:** frå 1. t.o.m. 31. juli gjeld følgjande opningstider: måndag, tysdag og fredag frå kl. 10.00 til 16.00. Torsdagar er det ope frå kl. 10.00 til 19.00. Onsdag stengt.
- **Straume:** biblioteket har stengt laurdagane f.o.m. 26. juni t.o.m. 14. august.

Sentralbordet (tlf. 56 16 00 00)
er ope frå kl. 10.00 til 15.00
(mån-fre).

Informasjon på denne brosjyre kan verta endra.
Du finn oppdatert informasjon
på nettsida til kommunen.

**Copyright - Øygarden kommune
juni 2021**

Trykk: Bodoni | **Opplag:** 14.800

Redigering: Vigleik Brekke

Grafisk utforming: Monica Hovland